

## **Oppsummering etter arbeidsmøte i styringsgruppa om trafikksikringsplanen 13.mai 2014**

**Deltakarar:**

**Formannskapet i Masfjorden, som er styringsgruppe for arbeidet med trafikksikringsplane.**

**Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ass. rådmann Sveinung Toft og formannskapssekretær  
Maud Sleire Holmås**

**Politiet v/lensmann Ivar Holmås**

**Statens vegvesen ved Tor Høyland**

**Sakshandsamar Anne Kristin Rafoss og Lovisa Midtbø**

**Det var først synfaring på Fv 570 frå Kjekallbrua til Masfjordnes. Her deltok politiet, vegvesenet og sakshandsamarane. Synfaringa og aktuelle trafikksikringsutfordringar i Masfjorden vart drøfta. Ein arbeidde seg gjennom dei ulike vegstrekningane, førebyggjande tiltak og prioriteringar i handlingsplanen.**

**Styringsgruppa drøfta status for trafikksikringsarbeidet i Masfjorden og framlegget til trafikksikringsplan.**

**Ulykkesstatistikken tel ikkje ulykker der det berre er materiell skade. Men statistikken viser ulykker med personskade. Statistikken for dei siste 10 åra viser totalt 48 ulykker med døde og skadde. 24 av desse er utforkøyningar, 12 er møteulykker, 12 andre (kryssulykker, påkjørslar bakfrå mm). Vi har ingen registrerte ulykker der fotgjengarar er alvorleg skadd.**

**E39 som er den viktigaste gjennomgangsvegen langs Vestlandet går gjennom Masfjorden. Vegen har stor trafikk og strekninga frå Knarvik til ferjeleiet i Oppedal har vore særst utsett for alvorlege trafikkulykker, og to dødsulykker har skjedd på E39 gjennom Masfjorden. Masfjorden kommune er oppteken av tiltak som kan betra trafikktryggleiken på denne strekninga. Kommunen har engasjert seg for utbetringar saman med Lindås kommune m fleire. Vi veit at trafikkantar gjer feil og at ulykker skjer. Førebyggjande tiltak må prioriterast.**

**Den delen av E 39 som går gjennom Masfjorden er prega av bratte stigningar og stor høgdeforskjell, temperaturforskjellar og ujamnt føre med mykje nedbør.fleire lange tunellar, ising ved tunellutgangar, Det er stor trafikk, mykje tungtrafikk og høg fart på strekninga. Det er viktig å arbeida førebyggjande, og ein drøfta korleis vi kan sikra at trafikantane til ei kvar tid kan få all tilgjengeleg informasjon om føret og tihøyrande potensielle farar. Tiltak som betre skilting, elektroniske informasjonstavler, periodevis nedsett fart og bruk av moderne teknologi for å få ut alle opplysningane Vegvesenet no samlar vart drøfta.**

**Kva trafikksikringstiltak virkar?**

Det aller viktigaste er at bilførarar, syklistar og fotgjengarar viser aktsemd når dei ferdast på og langs vegen. Både politiet og vegvesenet understreka at trafikksikringstiltak av og til kan ha utilsikta verknader som det er viktig at kommunen er merksam på. Dersom ein t. d. utbetrar eit ulykkespunkt slik at sikt og veg blir utbeta, kan farten auka og konsekvensen av ulykker blir større. Dersom ein får ein forgjengarovergang vil borna kjenna seg tryggare når dei skal kryssa vegen, og dermed vera meir uforsiktige. Dersom ein fotgjengarovergang skal vera trygg, må bilane ha redusert fart ned til 45 km/t når dei når fram til forgjengarovergangen, og då må ein ha fartsreducerande tiltak på begge sider.

### **Viktige trekk frå synfaring, faglege innspel og høyringsuttalar frå innbyggjarane**

Statistikken viser at det er **utforkøyningar og møteulykker** som hender oftast i Masfjorden. Kvar 4. registrerte ulykke skjer på glatt føre. Me er ein utkant, og vintervedlikehaldet som brøyting og strøying når ikkje så fort ut på alle vegane som ynskjeleg. For å førebyggja alvorlege skader er det viktig å sikra sideterreng til vegane, og ha gode støypekantar og autovern. Det er også viktig å fjerna hindringar som kan auka trafikksikkerleiken, som parkering av bilar i vegbana, farlege murar, steinar og tre i sideterreng.

I dei innkomne høyringsuttalane er det mange ynskje om **nedsett fart**. Vurdering av fartsgrenser var også eit tiltak i den førre trafikksikringsplanen, og ein kan ikkje sjå at dette har vore fylgt opp. Dette bør derfor prioriterast i ny plan.

Masfjorden har mange fylkesvegar og kommunevegar med smal og uoversiktleg vegbane, I tillegg til svingar er vegetasjon langs vegen ei stor hindring for **god sikt**. Innbyggjarane snakkar om å køyra i grøne tunellar. Kontinuerleg arbeid for å hindra attgroing langs vegane er viktig.

På Fv 570 frå Kjekallen til Masfjordnes ferjekai er det kartlagt 15 **utbetningspunkt der to** er viktige både for trafikksikkerleik og sikt. Likeeins bør sideterreng på denne vegstrekninga få ein gjennomgang- sideterreng minimum 5 m ut frå vegen bør sikrast.

**Høyringsinnspela frå innbyggjarane viser at det er mange ynskje om gang-og sykkelvegar. Fotgjengarar og syklistar opplever det som utrygt å ferdast på vegen. Å byggja gang- og sykkelstiar er svært dyrt, og er derfor berre aktuelt på korte strekningar med tett busetnad og mange mjuke trafikantar. Politiet v/lensmann Ivar Holmås** peikte på **strekninga Masfjordnes ferjekai-Varleite** som ein særleg stor risiko for born og ungdom som mjuke trafikantar. På denne strekninga går det mange born frå heim til skule og barnehage. Skulen er også sentrum for fritidstilboda for heile Sørsida og har nærmiljøanlegg. Dersom det ikkje vert bygt gang og sykkelsti her, bør kommunen vurderast å be om fartsdumpar som eit strakstiltak.

Eit anna viktig område for dei mjuke trafikantane er å gå og sykla trygt gjennom tunellane på fylkesvegane. Dette har vore eit krav frå innbyggjarane som kommunen har teke opp med vegvesenet ved fleire høve. Ingen av tunellane på fylkesvegane i Masfjorden har lys. Både gåande og syklande ferdast gjennom desse mørke tunellane. Dette er ei særleg utfordring på Hostelandstunellen og på dei to tunellane mellom Matre og Indre Haugsdal. Hostelandstunellen var kvitmalt ein gong for om lag ti år sidan, men dette er ikkje fylgt opp med vedlikehald. Masfjorden kommune ynskjer lys i desse tunellane. Mjuke trafikantar kan ikkje velja andre alternativ på desse

strekningane, og det er viktig å auka tryggleiken i tunellane. Kvite tunellar hjelper, men er å sjå på som eit nødvendig strakstiltak.

**Vegvesenet v Tor Høyland** orienterte om trafikksikringstiltak som har vore meldt inn frå kommunen tidlegare og status for desse.

#### **Fylkesvegar:**

Det har vore arbeidd med følgjande tiltak:

FV 570: Busskur/busstopp i Ytre Haugsdal

Ynesdalsvegen: Fartsdumpar gjennom gardstun, Hosteland

Fv 570: Sikt, fart v Nordbygda skule, no avsett kr 250 000 til utbetring her.

#### **E 39, Stamvegmidlar**

I perioden 2015- 2017 ligg det inne 17.mill til veglys på strekninga Knarvik-Oppedal. Mellom dei prioriterte områda er

Lys i Andåskrysset

Veglys på Matre frå Masfjordtunellen til Matrebergstunellen

Veglys på Haugsvær , ein strekning på nær 1,9 km

Spørsmålet om FV 570 som mogleg **forkøyrsvveg** vart drøfta. Vegvesenet opplyste at Vegdirektoratet no har bede alle fylkekommunar om å kartleggja kva ressursar som trengs for å skilta alle fylkesvegar som forkøyrsvveg. I Masfjorden er det mange utkøyrslar og farlege kryss langs FV 570. For det meste køyrer lokalkjende som om denne vegen var forkøyrsvveg, men vi har etterkvart stor fritids/hyttebefolkning og mykje gjennomgangstrafikk som ikkje er lokalkjende. Ved ulykker gjeld generelle vikepliktsreglar. At FV 570 vert skilta som forkøyrsvveg, kan bringa status og skilting i samsvar med folk sin rettsopfatning.

### **Prioriteringar tiltaksdelen i trafikksikringsplanen**

**Formannskapet** gjekk gjennom og drøfta dei tiltaka som no ligg inne i planframlegget, og tok inn andre framlegg som var aktuelle etter drøftingane i dag.

#### **Førebyggjande tiltak**

- Trafikkopplæring i barnehage og skule
- Foreldremøte i 10.kl, der lærekøyring er tema
- Støtte til sertifikat, (kraftfondet)
- Trafikkurs for eldre bilførarar ( lag, organisasjonar, trafikkskular, lege/lensmann) Ei oppgåve som kan delegerast til det kommunale eldrerådet?
- Trafikktryggleik i plan og byggesakshandsaming .Eige punkt i malen for sakshandsaming, vurderingstema i saker som påverkar trafikkbiletet.
- Andre framlegg?

## **Folkehelse- dørstokkmila**

Gå eller sykla, aktiv kvardag. Parkering rundt kommunale idrettsanlegg og i Stordalen. Mange merka turstiar, stor verdi. Gamle stiar haldast i hevd.

- Kvite tunellar
- Sikt og gatelyst ( prosjekt, dugnadsmoglegheiter)
- Parkering ved turstiar, badeplassar, aktivitetsområde ( tiltakshavar, skissert plan, søknad, tilskotsordning )

## **Trafikksikringstiltak rundt offentlege bygg**

Utfordringa for kommunale anlegg er at tilsette tar parkeringsplassane nærast inngangen, unødvendig oppleving av trafikkaos.

- Oppmåling og merking av parkeringsplassar
- Prioritere plass til brukarar ( foreldre, gjester, pårørande, pasientar, utrykningskjøretøy)
- Fast plass til tilsette
- Parkeringsordning m vakter for større arrangement ( Kraftspel, Sleirsfjellet opp m v)

## **Fartsgrenser**

Denne gongen mange innspel på fartsgrenser. Nokre av bygdene har endra møteplassar for barn/unge, t d Andvik. Ny busetnad og auka trafikk påverkar behovet. Fleire strekningar med randbebyggelse som no ikkje har nedsett fartsgrense.

Gjennomgang av vegnettet i kommunen for å få på plass riktige fartsgrenser i alle bygder. Dette gjeld både fylkesvegar og kommunale vegar

## **E 39**

Ådt , ferjekøyring, heildøgnstrafikk,

Utfordringa med manglande ferdigstilling av E 39 gjennom Indrefjorden har vore ei viktig sak gjennom mange år. Fleire av punkta som kommunen har peika på, er no inne i planar dei komande åra. Desse tiltaka må framleis liggja inne i trafikksikringsplanen for Masfjorden. Så snart dei er utførte, kan dei takast ut av planen ved den årlege rulleringa av prioriterte tiltak

- Ferdigstilling E39 gjennom Matre. Lys, undergang ,
- Ferdigstilling E39 gjennom Haugsvær , lys, gang/sykkelveg,
- Andåskrysset
- Trodalskrysset
- Trafikktryggleik E 39 Knarvik-Oppedal i samarbeid med m a Lindås kommune
- Bedehuskrysset på Haugsvær

## **FV 570**

- Jfr Fartsgrenser
- Utbetring identifiserte punkt 570 Kjekallen-Masfjordnes.
- Kartlegging av utbetningspunkt på 570 Duesund-Gulen grense
- Andre framlegg?

## **Kommunale vegar**

- Sikt, grønne tunnelar
- Fartsgrenser.
- Trafikkskilting.
- Kontinuerleg utbetring og vedlikehald
- 

## **SYNLEGGJERING AV ARBEIDET MED TRAFIKKSIKRING**

Det er viktig at trafikksikringsarbeidet får merksemd og vert godt synleggjort. Slik kan kommunen visa konkret for trafikantane at dette er eit viktig arbeid. Det påverkar haldningane.

Formannskapet vil medverka til dette på fleire vis. To tiltak vert prioriterte:

1. Trafikksikring vert vurderingstema i saksmalen for plansaker og byggesaker.
2. Årleg rullering av tiltaksdelen i trafikksikringsplanen. Dette skal skje i første kvartal, koordinert opp mot søknadsfristen for trafikksikringsmidlar.

Ref:

Lovisa Midtbø